

# Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker

## Informasjon til dei som ber om gjenopning av ei straffesak

### Objektiv vurdering

Gjenopptakingskommisjonen er eit uavhengig organ som skal ta stilling til om ein domfelt med ein rettskraftig dom skal få ny handsaming av saka si i retten. Kommisjonen skal etter ei objektiv vurdering avgjera om vilkåra for gjenopning er til stades. Kommisjonen fastset sjølv arbeidsmåten sin, og kan ikkje instruerast.

### Vilkår for gjenopning

Dei viktigaste grunnane til at ein rettskraftig dom i ei straffesak skal kunne få ny handsaming i retten er:

- Nye prov eller omstende som kan vera eigna til å føra til frifinning eller gje vesentleg mildare straff.
- Ein internasjonal domstol har slege fast at avgjerda eller sakshandsaminga er i strid med folkeretten, slik at det er grunn for å rekna med at ei ny handsaming vil føra til eit anna resultat.
- Dersom nokon som har hatt ei sentral rolle i saka, er skuldig i ei straffbar handling som kan ha verka inn på avgjerda.
- Det ligg føre særlege omstende som gjer det tvilsamt om dommen er riktig, og tunge omsyn tilseier at saka blir prøvd på ny.

### Aktiv rettleiing og undersøking

Kravsmål om gjenopning må leverast skriftleg på eige skjema. Det er ikkje nokon tidsfrist. Kommisjonen har plikt til å rettleia den som fremjer kravsmål om gjenopning av saka si. Kommisjonen har sjølv ansvaret for at alle relevante opplysningar i saka kjem fram. Det er derfor ikkje naudsynt å søkja hjelp hjå advokat eller privat etterforskar.

Det vil som regel bli teke kontakt med den einskilde, dersom den det gjeld ikkje er representert ved advokat. Berre når særlege

grunnar ligg føre, vil det bli oppnemnt forsvarar for han/ho som ber om gjenopning.

### Grundig utgreiing

Gjenopptakingskommisjonen har ansvar for at det blir gjort ei grundig utgreiing av dei rettslege og faktiske sidene av saka. Kommisjonen kan henta inn opplysningar på den måten som han sjølv finn mest høveleg. Kommisjonen kan mellom anna kalla inn domfelte og vitne i saka, blant desse òg den eller dei fornærma, til avhøyr. Kommisjonen kan òg gje pålegg om utlevering av saksdokument og oppnemna sakkunnige. Kommisjonen har eit eige sekretariat med utgreiarar som hjelper til med å granska sakene.

### Relasjonen til dei fornærma i saka

Dersom kravsmålet om gjenopning ikkje blir forkasta av kommisjonen, men blir handsama nærare vurdering, skal dei fornærma/dei næraste etterlatne informerast om at det er bede om gjenopning av saka.

Dei fornærma/dei næraste etterlatne har som hovudregel rett til innsyn i dokumenta i straffesaka, og dei har rett til å uttala seg skriftleg til kravsmålet. Dei har òg rett til å be om å få forklara seg for kommisjonen, og har som hovudregel rett til innsyn i dei opplysningane som kommisjonen har henta inn under arbeidet med saka.

### Avgjerda i kommisjonen

Leiaren av kommisjonen kan avvise eit kravsmål dersom avgjerda frå domstolen har ein slik karakter at ho ikkje kan gjenopnast, og dersom kravsmålet openbert ikkje kan færa fram. Dei andre sakene blir avgjort av kommisjonen. Dersom kommisjonen finn at vilkåra for gjenopning er til stades, vil søknaden bli teken til følgje og saka skal då prøvast på ny for retten

# Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker

## Straffeprosesslova § 397

**§ 397.** Kommisjonen har plikt til å veilede den som begjærer gjenåpning, slik at han eller hun kan vareta sitt tarv best mulig. Kommisjonen skal av eget tiltak vurdere om siktede har behov for veiledning.

Kommisjonen kan oppnevne offentlig forsvarer for siktede når særlige grunner tilsier det. Reglene i §§ 101-107 gjelder i så fall tilsvarende. Kommisjonen kan oppnevne bistandsadvokat for fornærmede etter reglene i §§ 107 a-107 d så langt de passer. Kommisjonens beslutninger etter § 78 andre ledd om godtgjørelse til forsvarer og bistandsadvokat er endelige.

Gjelder begjæringen en avgjørelse som etter sin art ikke kan gjenåpnes, eller inneholder den ingen grunn som etter loven kan føre til gjenåpning, kan kommisjonen uten nærmere behandling forkaste begjæringen etter reglene om kjennelse. Det samme gjelder hvor begjæringen av andre grunner åpenbart ikke kan føre frem. Avgjørelsen kan tas av kommisjonens leder eller nestleder. Når en avgjørelse etter første punktum ikke byr på tvil, kan den treffes uten annen begrunnelse enn en henvisning til bestemmelsen her.

Dersom begjæringen ikke forkastes etter reglene i tredje ledd, forelegges den for den annen part. Dersom den foreløpige prøvingen bygger på andre opplysninger enn dem som fremgår av begjæringen, skal også disse forelegges for partene til uttalelse før avgjørelsen treffes. Dette gjelder likevel ikke opplysning som siktede ikke har rett til å gjøre seg kjent med etter § 264, eller som stammer fra parten selv.

Kommisjonen underretter fornærmede og etterlatte i lovbestemt rekkefølge om begjæringen, med mindre den forkastes etter tredje ledd. Fornærmede og etterlatte i lovbestemt rekkefølge skal gjøres kjent med sin rett til dokumentinnsyn, til å uttale seg og til å be om å avgi forklaring for kommisjonen, samt muligheten til å få oppnevnt bistandsadvokat.

## Medlemmer i kommisjonen og sekretariat

### Medlemmer i

### Gjenopptakingskommisjonen

Kommisjonen er oppnemndt av Kongen i statsråd, og har fem faste medlemmer og tre varamedlemmer.

Leiaren, nestleiaren og eitt av medlemmene skal ha juridisk embetseksamen.

Leiaren blir utnemnd for ein periode på sju år utan høve til forlenging. Medlemmene blir oppnemnde for ein periode på tre år, med høve til å bli oppnemnde for ein ny periode.

Medlemmene har til saman solid og brei røynsle frå domstolane, påtalemakta, forsvararyrket, forskingsmiljø og frå samfunnslivet elles.

### Eigne utgreiarar

I tillegg til leiaren har kommisjonen eit sekretariat på ti tilsette, der åtte er utgreiarar og to er kontortilsette. Seks av utgreiarane er juristar og to har politifagleg utdanning.

## Kontaktinformasjon

Postadresse: P.B. 2097 Vika, 0125 Oslo  
Vitjingsadresse: Tordenskioldsgate 6  
Telefon: 22 40 44 00

Telefaks: 22 40 44 01  
E-post: [post@gjenopptakelse.no](mailto:post@gjenopptakelse.no)  
Internett: [www.gjenopptakelse.no](http://www.gjenopptakelse.no)

**Dersom du har spørsmål til kravsmål om gjenopning eller om sakshandsaminga, kan du ta kontakt med kommisjonen.**